

Trygt og godt miljø i barnehage og skule

Plan for eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø i Sauda kommune

- Alle kommunar skal ha ein plan for korleis dei jobbar med å sikra barn og unge eit trygt og godt miljø.
- Sauda kommune har ein felles plan for barnehage og skule.
- Dei tilsette skal følgja denne planen.
- Det er styrar/rektor som har det overordna ansvar for at planen blir fulgt i barnehagen/skulen.

Hovudområde i planen

Definisjon



Førebyggjande arbeid



Følgja med/undersøkja



Gripa inn



Varsla



Skriftleg aktivitetsplan



Tiltak



Dokumentera



Evaluera



Usemje mellom partane



Revisjon av plan



Definisjon

- I eit trygt og godt miljø skal me ikkje ha mobbing.
- I denne delen av planen står det kva mobbing er, korleis me definerer det.
- I barnehagen brukar me omgrepet mobbeåtferd, meir en mobbing.
- Enkelt sagt kan ein sei at mobbing er «å bli gjort einsam av andre.»

Til drøfting:

- **På kva måtar kan ein bli gjort einsam av andre?**
- **Kva meiner de er mobbeåtferd/mobbing?**
 - *Kva er skilnad på krenkande åtferd og mobbing?*

Definisjon



Førebyggjande arbeid

- Det er dei vaksne som har ansvar for at mobbeåtferd og mobbing ikkje skjer.
- Tilsette og føresette må jobba saman for å hjelpa alle barn og unge til å ha det bra, og for å hjelpa dei som mobbar/viser mobbeåtferd til å slutta med det.
- Forsking viser at det ofte er dei som mobbar/plagar andre som strevar mest med livet sitt. Dei treng hjelp!
- Barnehagen og skulen har mange aktivitetar kvart år som skal skapa trivsel og inkludering for alle.
- Det er også nokre reglar som alle må følgja for at alle skal ha rett til å ha det bra. (Ordensreglar i skule.)

Til drøfting:

- **Kan me gjera noko meir/annleis for å skapa trivsel for alle?**
- **Korleis kan me stoppa mobbing?**
- **Kva kan føresette bidra med?**

Førebyggjande arbeid



Følgja med

- Dei tilsette i barnehage/skule skal følgja med på korleis barn/unge har det.
- Om nokon gir beskjed til tilsette i barnehage og skule at dei er bekymra for om alle har det bra, skal barnehagen/skulen undersøkje dette.
- Det kan vera barn/unge, føresette, helsesjukepleiar, eller andre som melder frå om si uro.
- I tillegg skal barnehagen/skulen gjennomføra nokre undersøkingar kvart år, for å finne ut korleis barn/unge har det.

Til drøfting:

- **Opplever du at dei tilsette får det med seg om det er nokon barn/unge som ikkje har det bra?**

Følgja med/undersøkja



Gripa inn

- Dei tilsette i barnehage/skule har ei **PLIKT** til å gripa inn og stoppa mobbeåtferd/mobbing.
- Dei tilsette har ei forsterka plikt til å gripa inn om dei opplever at andre tilsette krenkjar barn/unge.

Til drøfting:

- **Opplever du at dei tilsette grip inn for å stoppa mobbeåtferd/mobbing?**
 - Om det er barn/unge som gjer det?
 - Om det er tilsette som gjer det?

Gripa inn



Varsla

- Dei tilsette i barnehage/skule skal varsla/gi beskjed om dei får informasjon om mobbeåtferd/mobbing.
- Først skal ei varsla styrar/rektor.
- Så skal dei varsla føresette til barn/ungdom.
 - Både den som har vist mobbeåtferd/mobba og dei som har opplevd dette.

Til drøfting:

- **Opplever du at barnehagen/skulen gir beskjed om mobbeåtferd/mobbing på ein grei måte?**
 - *Både når barn/unge er utsett for mobbeåtferd/mobbing og når dei er den som gjennomfører det.*

Varsla



Skriftleg aktivitetsplan

- Når dei tilsette har undersøkt ei sak og funne ut at at eit barn/ungdom opplever mobbing, skal dei laga ein skriftleg aktivitetsplan.
- Den er den som opplever seg utsett for mobbeåtferd/mobba som skal ha ein slik plan.
- Dette er ein plan for kva barnehagen/skulen vil gjera for å stoppa mobbing. Dette må dei samarbeida med føresette om.
- Denne skal bli laga innan ei veke.
- Sauda kommune brukar Stafettloggen til å laga aktivitetsplan.
- Føresette (eller unge over 15 år) må gi samtykke til at me kan oppretta dette.

Skriftleg aktivitetsplan →



stafettloggen


Tiltak

- Tiltak er det me gjer for at mobbeåtferd/mobbing skal stoppa.
- For at det skal stoppa så fort som mogleg er det viktig at alle jobbar saman for å få til dette:
 - Tilsette gjennomfører tiltak.
 - Føresette bidreg med tiltak.
 - Barn/unge samarbeidar.
- Det er ingen som har lyst til å vera mobbar/visa mobbeåtferd, eller å bli mobba. Alle vil at dette skal stoppa.

Til drøfting:

- Kva er dei beste tiltak for å stoppa mobbeåtferd/mobbing?
- Korleis kan føresette og barnehage/skule gjera kvarandre gode i arbeid mot mobbeåtferd/mobbing?

Tiltak



Dokumentera

- Barnehagen/skulen har ansvar for å skriva ned og lagra i arkiv det som er gjort for å stoppa mobbeåtferd/mobbing.
- Dette blir gjort i Stafettloggen og i arkivsystem.
- Føresette og barn/unge kan lesa det som står i Stafettloggen dei har gitt samtykke til.


Dokumentera



Evaluera

- I Stafettloggen så møtes ein jamleg til korte loggmøter. I desse møtene evaluerer ein tiltak, dvs. ein snakkar om tiltaka har hatt effekt/virka, eller ikkje.
- Så finn ein nye tiltak saman.
- Det kan også skje ei meir grundig evaluering, om det er behov.
- I tillegg til å evaluera saker, skal me evaluera om planen me har er god nok.
 - Dei tilsette drøftar planen i sine fagmøte.
 - Føresette og barn/unge får gi innspel via denne presentasjonen.
 - Me tar med alle innspel i eit årleg leiarmøte samla for barnehage/skule, og drøftar om me skal endra noko på planen ut frå dei innspel som har kome.

Evaluera




- Å evaluere for å læra
- Å evaluera for å bli «litt betre kvar dag.»

Usemje mellom partane

- Verken tilsette, barn/unge eller føresette kan stoppa mobbing/mobbeåtferd åleine. Det må skje i eit samarbeid.
- Om ein ikkje får til samarbeidet og/eller har ulikt syn på saka, kan ein ta kontakt vidare/be andre vurdere situasjonen.
- Før ein kan ta kontakt med andre, må ein ha prøvd å finne ei løysing i barnehagen/skulen.
- Målet er å løysa utfordringa på lågast mogleg nivå, og det er tilrådd å ta kontakt med andre partar i denne rekkjefølga.
 1. Kommunalsjef
 2. Rådgjevarar hos utdanningsavdeling ved Statsforvaltaren.
 3. Melda frå om mobbing (melde inn ei sak) hos Statsforvaltaren i Rogaland.

Usemje mellom partane →



1. Meld frå om mobbing



2. Fortell kvifor du melder frå

Andre innspel de vil gi til arbeidet med eit trygt og godt miljø?

Dette gjer barnehagen/skulen som er bra:



Dette kan barnehagen/skulen gjera annleis/betre:

